



Slik går løypa i Solfjelløpet frå frå 34 til 890 meter over havet

Motbakkeløp er på moten og Uskedalen heng med på karusellen. Laurdag 18. juni blir Solfjelløpet arrangert for tredje gong og Ole Vidar Monsen håpar at minst 150 vil ta turen frå Haugland til toppen av fjellet.

I fjor var i overkant av 100 med. Deltakarane gjer unna 4,8 kilometer og klatrar frå 34 til 890 meter over havet.



Vinn Vegard Aarhun Bergane frå Matre igjen? Her er han saman med Ole Vidar Monsen som er leiar for løpet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var Monsen som var 'gründer' til løpet og han er også leiar av arrangementet som leiar i ski- og friidrettsgruppa.

Løpet går ikkje samme helga som Aktivitetsdagen, men helga etter og altså på ein laurdag. Men under Aktivitetsdagen denne laurdagen er det høve til å melda seg på, også for dei som går i trimklassane. Ellers er det ikkje førehandspåmelding for desse - det er berre å møta fram på startstaden før starten klokka 10. Her er det inga nedre aldersgrense.

Det er og familiepåmelding og for familiane blir det avvikla ein form for rebusløp opp til Storhaug. Alle som når toppen får deltakarbevis og det vert også trekt ut fine premiar på stratnummer. Alle som når til topps får 50 ekstra turpoeng.

Konkurransklassane som det er 6 av startar klokka 12 og førebels er det påmeldt 40, opplysar Monsen. Etter mønster frå Birkebeinerrennet er det påbode med ryggsekk og den må vega minst 2,5 kilo eller altså 1 kilo mindre enn under 'Birken'. Som i fjor er det ei spesiell konkurranseklasse for dei som veg over 90 kilo!

Det er pengepremiar på tilsaman 4.000 kroner og dei går til dei 3 beste i dame- og herreklassen. Det er også premiering i kvar aldersklasse.

Premiering er det også for ny løyperekord, som no blir halden av Vegard Aarhun Bergane med 43,34 i herreklassen og Margunn Eik med 52,57 i dameklassen. Også beste idrettslag blir kåra og her er det dei 3 beste utøvarane som teller. Arrangørlaget har allereie to napp i pokalen og skulle ha gode sjansar til å erobra han til odel og eige.

Monsen presiserer at frammøtet er på Heio. Han har vore med i mange motbakkeløp og slår fast at Solfjelløpet ikkje er av dei hardaste.

Av Ola Matti Mathisen



like etter starten i konkurranseklassa. Vegard Aarhun Bergane (7) er allereie i teten (Foto: Ola Matti Mathisen)